

# Årsplan for Fjone barnehage

2025/2026



Fjone barnehage  
NISSEDAL KOMMUNE

# Innhold

---

1. Velkommen til Fjone barnehage sin årsplan.....	2
2. Pedagogisk grunnsyn .....	3
3. Satsingsområde.....	4
3.1 Livsmeistring og helse.....	4
3.2 Ein hjernevenleg oppvekst.....	5
3.3 N.U.S.S.A.....	6
4. Hovudmål & delmål.....	7
<b>4.1 «Hjelp meg å takle motstand, og tilpasse meg andre».....</b>	<b>8</b>
<b>4.2 «Leiken snakkar – me lyttar».....</b>	<b>9</b>
5. Tryggleiksirkelen/COSP.....	9
6. Barnehagen sitt innhald.....	11
6.1 Barnehagen skal fremje danning.....	11
6.2 Barnehagen skal fremje læring.....	12
7. Nissedal kommune – ein trafikksikker kommune.....	13
8. Samarbeid & Overgangar.....	14
8.1 Når nye barn byrjar Fjone barnehage.....	14
8.2 Overgang barnehage og skule.....	14
8.3 PLAN FOR OVERGANGAR.....	14
8.4 Samarbeid med andre instansar.....	15
8.5 Samarbeid mellom heimen og barnehagen.....	15
8.5.1 «Alle med» observasjons skjema.....	16
9. Progresjon.....	17
10. Barns medverknad.....	18
11. Evalueringsarbeid.....	19
Referansar.....	20

# 1. Velkommen til Fjone barnehage sin årsplan

"Rammeplanen for barnehagen: innhold og oppgaver" er retningsgivende for alle barnehagane i Norge. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal vi kvart år utarbeide en årsplan som konkretiserer arbeidet i vår barnehage.

(Kunnskapsdepartementet, 2017)



## Årsplanen skal være:

- Eit arbeidsreiskap for personalet og styre verksemda i ein bevisst og uttala retning.
- Eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- Grunnlag for kommunens tilsyn med barnehagen.
- Informasjon ut om barnehagens pedagogiske arbeid.

## Barnehagen sin praksis skal sjåast i samanheng med desse planane:

- Kva gjer me når me er bekymra for eit barn (Modellkommuneplanen)
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»
- Overordna oppvekstplan i Vest-Telemark «Vegen mot livsmeistring!»
- Lokal oppvekstplan for Nissedal kommune
- Plan for «Inkluderande fellesskap og aktiv handling»

Årsplanen er fastsett av samarbeidsutvalet (SU).

Desse er med i SU:

Foreldrerepresentant: Camilla Fosslie 25/26	Personalrepresentant: Turine Wik Kåsa 25/26
Vararepresentant for foreldra: Vegard Fjalestad 25/26	Vararepresentant for personale: Sigurd Tveit 25/26

Eigar er representert gjennom styrar som òg fungerer som sekretær for utvalet.

Nissedal kommune er ein nynorsk kommune, og me nyttar nynorsk som skriftspråk i våre skriv og dokument som blir sendt ut frå barnehagen.

## 2. Pedagogisk grunnsyn

### «Det viktigaste er å leike!»

Rammeplanen seier at «barnehagen skal ivareta barns behov for leik, vårt pedagogiske grunnsyn lyder derfor slik; «Det viktigaste er å leike!»

Denne haldninga skal prege tankane våre både i planleggingsarbeid og når vi er saman med barna i kvardagen. Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal bli anerkjent. Alle barn skal bli invitert med i leik. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik– åleine og saman med andre. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20)

#### For å ivareta ta dette må personale:

- Organisere tid og rom og ha tilgjengeleg ulike typar leikemateriell
- Vere med på å gje barna felles erfaringar slik at dei får eit grunnlag som gjer at dei kan delta i leik med kvarandre
- Hjelp, rettleie og støtte barn som treng det i leiken
- Være aktive og deltakande i leiken, vere bevisst si eiga rolle
- Ta initiativ og sette i gong leik slik at alle aktivt får bidra og vere med i leiken



## 3. Satsingsområde

---

### 3.1 Livsmeistring og helse

*«Livsmestring handlar om å imøtekomme barns behov for leik, tryggleik og meistring i kvardagen. Dei gode erfaringane barn gjer i møte med andre barn og sensitive vaksne vil bidra til at barna blir robuste, kjenner på tryggleik og vil bli meir motstandsdyktige.»*

(Drugli & Lekhal, 2018)

Livsmeistring og helse er ein del av barnehagens verdigrunnlag, i rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver står det at livsmeistring handlar om barn og vaksne sin fysiske & psykiske helse. Videre står det at barnehagen skal fremje livsmeistring gjennom å legge til rette for ein barnehagekvardag bidrar til barns trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverd, samt forebygge krenkelsar og mobbing. (Kunnskapsdepartementet, 2017)

#### Lokal oppvekstplan

I juni 2025 blei den lokale oppvekstplanen for Nissedal kommune godkjent, den kan du finne ved å trykke på linken: [Lokal oppvekstplan Nissedal vedteke 19.06.25.pdf](#).

Eller gå inn på [Nissedal.kommune.no](https://nissedal.kommune.no) og velgje **tenester** ➡ **oppvekst, barn og utdanning** ➡ ➡ **Fellesinformasjon for oppvekst, barn og utdanning**, deretter trykke på **lokal oppvekst plan**.

Planen er eit strategisk dokument som syner korleis Nissedal kommune skal arbeide for å skape eit oppvekstmiljø og teneste tilbod som gjer at alle barn og unge i Nissedal kommune kan mestre livet best mogleg ut i frå sine føresetnadar. Planen legg stor vekt på det tverrfaglege samarbeidet mellom ulike tenester i kommunen, og tek for seg barn og unges oppvekstmiljø frå fødsel til etter vidaregåande.

Eit av arbeidsområda som kjem tydeleg fram i planen for å fremme livsmeistring er å sørge for ein hjernevenleg oppvekst.

## 3.2 Ein hjernevenleg oppvekst

Nissedal kommune satsar på ein hjernevenleg oppvekst, og vil arbeide ut ifrå ein nevrosekvensiell forståing av barn og vaksne sine adferdsuttrykk. For å sørge for dette har me som mål om at alle som arbeider med barn og unge skal kjenne til den nevrosekvensiell modellen og arbeide for ein hjernevenleg oppvekst. (*Lokal oppvekstplan Nissedal vedteke 19.06.25.pdf.*)

Me er no i implementeringsfasen, og held på med mange spennande opplæringar og kurs for dei tilsette. Denne hausten skal nokre tilsette blant anna på seminar og bokstudiegruppe med snu senteret (Senter for nevrobiologisk utviklingspsykologi). I tillegg får fleire av dei tilsette opplæring i Nussa (Nevroaffektiv utviklingspsykologisk sosial strukturert aktivitet) gjennom Nissedal PPT (pedagogisk psykologisk teneste) denne hausten. Me ser at Nussa er eit godt tiltak i arbeidet med å gje våre barn og unge ein hjernevenleg oppvekst.

(Johannessen & Bakken, 2020)



## 3.3 N.U.S.S.A

### Nevroaffektiv Utviklingspsykologisk Strukturert Aktivitet

I Fjone barnehage brukar me NUSSA aktivt og regelmessig kvar veke. For oss er NUSSA eit viktig verktøy i arbeidet med tidleg innsats. NUSSA er viktig leik som regulering, og er svært stimulerande både for barn som strever med regulering, og som ein førebyggjande aktivitet. ALLE har nytte av NUSSA. Ein NUSSA samling er ein samling med strukturerte leikar og aktivitetar, med faste tydelege rammer leda av ein trygg vaksen. Dette året er me så heldige at Nissedal PPT held ein ny runde med NUSSA kurs så no kjem endå fleire av dei tilsette til å kunne ha Nusse samlingar.



**Ein nussa samling kan bl. anna legge til rette for at barna blir kjent med, og utviklar evne til:**

- Positiv tilknytings åferd
  - Impulskontroll
  - Å regulere skamreaksjon, og utvikle stoltheit og sjølvtilitt
  - Å Symbolisere og innleve seg i aktivitetar
  - Å skille verkelegheit og fantasi
  - Å delta i rolleleik med felles handling
  - Kompleks samhandlingsevne og forhandlingsevne
  - Vennskap og empati
  - Samregulering og sjølvregulering
  - Å vere merksam til mimikk og imitasjon
  - Synkronisering, turtaking og etablering av gode møteaugeblikk
  - Å kjenne igjen, og bruke sanseintegrasjon og sansemotorikk.
  - Å kjenne igjen og bruke Kjensleuttrykk og spegling
  - Å vere merksam på seg sjølv og andre
  - Felles merksam
- (Hart, Andersen, Jakobsen, & Larsen, 2020)

I Fjone barnehage har me særleg fokus på samregulering

## 4. Hovudmål & delmål

Hovudmålet barnehageåret 2025/2026 for alle barnehagane i Nissedal kommune lyder slik;

### «*Lyttande, levande, leikande – i lag!*»

«Lyttande, levande, leikande – i lag!» er eit samla uttrykk for korleis me ønskjer å vere som vaksne i møte med barna. Det handlar om å vere til stades, engasjerte og med skapande i ein kvardag der barna sin utvikling, leik og fellesskap står i sentrum.

**Å vere lyttande** betyr at me møter barna med openheit og respekt. Me er til stades i deira utvikling og les både ord og kroppsspråk for å forstå kva dei formidlar. Me nyttar språkstimulering og teikn-til-tale for å støtte kommunikasjonen, og me legg vekt på korte, tydelege setningar for å gjere språket tilgjengeleg. Me gir barna tid og ro til å uttrykkje seg, og me avbryt ikkje, men følgjer samtalen med innleving og respekt. Barnas medverknad er viktig, og me tek foreldra sitt perspektiv med inn i det pedagogiske arbeidet. Gjennom ro, stemmeleing og evna til å utdjupe samtalar, støttar me barna si språkutvikling og sjølvkjensle.

**Å vere levande** handlar om å møte barna med ekte engasjement og glede. Me viser interesse for leiken og kvardagen deira, og me tek initiativ som inspirerer og utfordrar. Humor og humør er viktige verktøy, brukt med medvit og omtanke. Me ønskjer å vere autoritative vaksne som gir barna tryggleik, men òg rom for å møte motstand og endring. Me legg til rette for at barna skal utvikle robuste strategiar for å handtere stress og utfordringar, innanfor trygge rammer. Risikofylt leik og utforskning er ein naturleg del av dette, og me støttar barna i å vekse gjennom meistring.

**Å vere leikande** betyr at me verdset og deltek i barnas leik. Me er engasjerte vaksne som både deltek aktivt, observerer og støttar – alt etter situasjonen. Me skapar leikemiljø som inspirerer, og ser på rommet som ein viktig pedagog. Me er nede på golvet saman med barna, og ser verda frå deira perspektiv. Me legg til rette for leik som passar barna sine behov her og no, og me anerkjenner leiken sin eigenverdi. Me vernar om leiken og gir barna rom til å utfalde seg fritt og kreativt.

**Å vere i lag** betyr at me bygg fellesskap. Me fremjar sosial kompetanse, omsorg og respekt for eigne og andre sine grenser. Barna skal kjenne at dei er ein verdifull del av eit miljø og eit samfunn. Me støttar dei i å takle ulikskap, motgang og det å vere ein del av noko større. Gjennom positive tilbakemeldingar og anerkjening av det me ønskjer meir av, styrkjer me barna si oppleving av meistring, tilhøyrslø og fellesskap.

Personalet i Fjone barnehage har brytt ned hovudmålet og utforma to delmål som me skal arbeide mot dette barnehageåret.

## 4.1 «Hjelp meg å takle motstand, og tilpasse meg andre»

### Me ynskjer at barna skal:

- Vite at det å gjere sitt beste er godt nok, alle kan ikkje meistre alt og ein er ulike.
- Kjenne seg som ein verdifull del av fellesskapet.
- Utvikle gode strategiar for å handtere motstand, tilpasse seg andre og miljøet rundt.
- Møte sensitive vaksne som kan møte barna på deira behov, og støtte dei i deira kjensler.

### For å få dette til, vil personalet i barnehagen:

- Bruke Nussa i kvardagen.
- Vere kjent med omgrep som toleransevindaug, stressresponssystemet og arbeide ut i frå ei nevrosekvensiell forståing.
- Anerkjenne barna, stå i kjenslene med dei, og vere den trygge autorative vaksne.
- Arbeide for eit godt foreldre samarbeid.
- Sette forventningar til barna ut i frå der dei er i modning og utvikling.
- Legge vekt på det positive.
- Møte barna med eit godt blikk.
- Legge vekt på eit godt arbeidsmiljø.



## 4. 2 «Leiken snakkar – me lyttar»

### Me ynskjer at barna skal:


- Kjenne at dei får medverke i eigne kvardag.
- Bli høyrte og forstått av dei vaksne og barna i barnehagen.
- Delta i eit leik og læringsmiljø som fremmer sosio-emosjonell utvikling samt språkutvikling.
- Oppleve eit inkluderande leik og læringsmiljø som byggjer gode vennskap og relasjonar.

### For å få dette til, vil personalet i barnehagen:

- Vere aktive og engasjerte vaksne.
- Observere.
- Legg til rette for eit inspirerende leikemiljø.
- Verne om den gode leiken.
- Anerkjenne verdien i ulike typar leik, og særleg rolleleik.
- Sørge for at alle barn skal få medverke i eigen kvardag, og få delta i leik uansett forutsetningar.
- Sørge for å ha god kompetanse på leik og språkutvikling.
- Bruke teikn til tale.
- Vere på golvet saman med barna.
- Støtte barna i samspel med andre, og øve på turtaking.
- Lytte, gi rom for barnas uttrykk og legge til rette for samtale.
- Bruke NUSSA i kvardagen.



## 5. Tryggleiksirkelen/COSP



Tryggleikssirkelen gir gode føringar for kva barnet treng av oss. Me må arbeide for å vere ein «trygg base» som støt barnet i si utforskertrang, leik og nysgjerrigheit og som igjen fungerer som ein «trygg base» som barnet kjem bort til for å få støtte i dette. Personalet i Nissedal kommune sine barnehagar arbeider ut i frå tryggleiksirkelen.

### COSP / Sercle of security –Parenting

I Nissedal kommune har me to personar som er sertifisert som COSP rettleiar. Det er innført at alle føresette med barn som er to år, eller fyller to år skal få tilbod om rettleiing det året. Alle foreldre kan få tilbod om COSP ved behov.

Cosp er eit kurs som kan gje verktøy til å forstå betre kva for behov barn har, kva for signal dei gir og kva vi kan gjere for å møte desse behova betre. Målet er at barnet og foreldra skal få hjelp til å kjenne seg trygge, og på den måten stå meir robust i å møte utfordringar i livet. Kurset skal også bidra til eit enda betre samspel og relasjon mellom foreldre og barn. Tryggleikssirkelen er eit godt verktøy for å sjå kva slags behov barna har for støtte, både når de utforskar verda og når dei opplever vanskelege kjensler.

## 6.Barnehagen sitt innhald

---

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barnet. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19)

### 6.1 Barnehagen skal fremje danning

I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med på å sørge for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.

#### **For å ivareta ta dette må personale:**

- Leggje til rette for meningsfylte opplevingar og støtte den positive sjølvforståinga til det enkelte barnet
- Støtte barna sin aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- Synleggjere og verdsetje ulike behov
- Leggje merke til og anerkjenne og følgje opp barna sine perspektiv og handlingar
- Invitere barn inn utforskande samtalar og utfordre deira tenking
- Framheve mangfald og ulikskap, synleggjere og gje barna eit grunnlag for opplevingar, utforsking og læring .

## 6.2 Barnehagen skal fremje læring

Barn i Fjone barnehage skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Når personale planlegg læringsprosessane skal dei bruke barna sin nysgjerrigheit og vitelyst som grunnlag for planlegginga. Barna skal få bruke heile kroppen sin og alle sansar i læringsprosessen. Dei skal delta i eit læringsfellesskap saman med andre der dei kan få bidra i si eigen og andre sin læring.

### For å ivareta ta dette må personale:

- Sørgje for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- Leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna
- Støtte barnas erfaringar og sørgje for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- Sørgje for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar
- Vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- Støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til egne evner

## 7. Nissedal kommune – ein trafikksikker kommune

---

Nissedal har i året 2025 blitt resertifisert som trafikksikker kommune.

Nissedal kommune fekk i 2015, som den fyrste kommunen i landet, status som «trafikksikker kommune». Ei slik godkjenning er eit kvalitetsstempel for godt arbeid rundt trafikksikkerheit i kommunen. Trafikkopplæring skal vere ein del av det pedagogiske arbeidet i barnehagen, og personalet skal vere bevisst i sine roller knytt til tema. Det er utarbeida retningslinjer på korleis vi kan unngå ulykker i HMS arbeidet vårt. I samanheng med dette ynskjer vi eit nært samarbeid med foreldra i barnehagen.

Me ynskjer at foreldre er:

- Medviten på å vere ein god rollemodell for barna
- At dei sikrar barna etter forskriftene i køyretøyet
- At barna alltid går saman med foreldre på parkeringsplassen
- At porten til barnehagen alltid er stengt
- At køyretøyet ikkje går på tomgang utanfor barnehagen
- At de rygger inn, slik at de har god oversikt på veg ut.



## 8. Samarbeid & Overgangar

---

### 8.1 Når nye barn byrjar Fjone barnehage

Når barnet skal byrje i barnehagen er det ofte ei omstilling for både foreldre og barn.

Viktige nøkkelord er **tryggleik**, **trivsel** og **gradvis tilvenning**. Gje barnet den tida det treng for å finne seg til rette. Det er veldig ulikt korleis barn tilpassar seg sin nye kvardag.

Barnehagen skal saman med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Før barnet byrjar i barnehagen har heimen og barnehagen ein oppstartsamtale, der ein utvekslar informasjon for å bli kjent.

### 8.2 Overgang barnehage og skule

Nissedal kommune har ein plan for arbeidet med barns overgang frå barnehage til skule.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for barnet skal får ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og skulefritidsordning.

#### **Målet er : Trygg og god skulestart**

Planen skisserer diverse aktivitetar for dei som går det siste året i barnehagen, m.a: førskulegruppe i barnehagen, besøk på skulen, turar og aktivitetar saman med dei andre barnehagane og 1.kl og førskuledagar. Planen finn du på Nissedal kommune sin nettside.

Vi har førskulegruppe for dei barna som går siste år i barnehagen. Dei aktuelle heimane får tilsendte skriv om førskulegruppa, med informasjon om mål og innhald.

### 8.3 PLAN FOR OVERGANGAR

Sjå «Plan for overgangar» på Nissedal kommune si heime side under oppvekst, barn og utdanning fellesinformasjon eller trykk her [→ Plan for overgangar - Frå eldst til yngst](#) (digital link)

## 8.4 Samarbeid med andre instansar

Eksempel på andre instansar me kan samarbeide med ved behov er bla:

- ❖ Helsestasjonen
- ❖ PPT
- ❖ Barnevernstenesta
- ❖ Etc.

### **SAMHANDLINGSPLIKT**

Etter velferdstjenesteloven har me i barnehagen samhandlingsplikt med andre instansar. Me er lovpålagt å jobbe tverrfagleg og samhandle med andre, til barns beste, dersom det er behov.

## 8.5 Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1.

Nemningane ”heimen” og ”foreldra ” omfattar og andre føresette.

Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova § 1 og § 4. Barnets beste skal alltid vere målet for samarbeid mellom heim og barnehage. Saman har dei eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Foreldresamarbeid skal skje både på gruppenivå og individnivå.

To gonger i året er det foreldremøte.

Barnehage og heimen har to gonger i året foreldresamtale omkring det enkelte barnet der ein kan utveksle observasjonar og vurderingar knytt til barnet sin helse, trivsel, erfaringar, utvikling og læring. Det skal vere jamleg kontakt om det enkelte barnet.

## 8.5. 1«Alle med» observasjons skjema»

Barnehagane i Nissedal kommune nyttar seg av observasjons skjemaet «Alle med» i forkant av foreldresamtalar. Dette skjemaet byggjer på eit bredt læringssyn og tek utgangspunkt i kva barna meistrar. Skjemaet gir eit heilskapleg bilde av barnet sin utvikling og gir også barnehagen høve for å betre kunne leggje til rette dersom ein ser at nokon barn har utviklingsmoglegheiter på ulike utviklingsområde. Det er viktig at dei vaksne som observere barna har kunnskap om kva som er alderadekvant utvikling og «det kompetente blikk»-, ulike opplevingar kan gi ulike tolkingar når vi observerer.

**For at vi skal kunne bruke «Alle med» må foreldra gje samtykke inne på VISMA.**



## 9. Progresjon

---

Alle barn skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får variert høve til leik, aktivitetar og læring.

Gode prinsipp frå Trygghetssirkelen er ein god rettesnor for korleis personale kan arbeide og leggje til rette for det enkelte barnet og fellesskapet.

- ❖ Eittårningen " La meg vere tett innpå, gje meg ei trygg hamn".
- ❖ Frå 1-2 år: "Forstå meg og støtt meg i ulike kjensler".
- ❖ Frå 2-3 år: " Hjelp meg i leiken".
- ❖ Frå 3-6 år: " Fortell meg historier, la meg lære meg nye ting og leike med dei andre barna, men ver der når eg treng deg».

### **For å ivareta ta dette må personale:**

- ❖ Oppdage, følgje opp og utvide det barna alt er opptekne av.
- ❖ Planlegge og leggje til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle barn.
- ❖ Introdusere nye perspektiv og leggje til rette for nye opplevingar og erfaringar.
- ❖ Sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr—og gjere desse tilgjengelege for barna.

## 10. Barns medverknad

---

Barnehagelova§3 seier at *"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barns skal jevnlig får mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet."* (Lovdata, 2005)

# 11. Evalueringsarbeid

---

Vi har avdelingsmøte ein gong i månaden og har 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehage år. Heile personalet møtast til felles informasjon og fagleg drøfting.

Evaluering av arbeidet vårt skal vere fast sak på desse møta. Vi tek utgangspunkt i målformuleringa i årsplanen og månadsbreva.

Denne evalueringa legg grunnlaget for mål og planar den neste månaden.

Månadsbreva skal innehalde

- Kort referat frå førre månad, med evaluering og refleksjonar
- Mål og innhald for månaden som kjem
- Diverse informasjon for månaden som kjem

# Referansar

---

Drugli, M. B., & Lekhal, R. (2018). *Livsmestring og psykisk helse*. Oslo: Cappelen Damm .

Hart, S., Andersen, D. R., Jakobsen, A., & Larsen, A. (2020). *Leg for sjov og alvor - et neuroaffektivt perspektiv*. København: Hans Reitzels Forlag .

Johannessen, K. N., & Bakken, A.-K. (2020). *Fra uro til ro - utfordrende adferd og barns muligheter for læring*. Oslo: Gyldendal.

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: innhald og oppgåver*. Oslo: Kunnskapsdepartementet .

Lovdata. (2005). *Barnehageloven*. Oslo: Lovdata.